



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

Rettleiing for utfylling av søknadsskjema for Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjorden 2018

Rettleiingsskjema har to delar:

DEL 1: Rettleiing til søknad om tilskot til særskilte kulturlandskapstiltak og investeringar 2018 (side 1-3)

DEL 2 : Rettleiing til søknad om arealtilskot og beitedyrtilskot 2018 (side 4- 8)

DEL 1: Rettleiing til søknad om tilskot til særskilte kulturlandskapstiltak og investeringar 2018

Felt 1: Grunnopplysningar

Fyll inn namn, adresse og andre personopplysningar. Grunnopplysningane er nødvendige i samband med registrering og handsaming av søknader.

Enkelttiltak: Søkjar utan føretak

Grunnopplysningar for deg som søker skal nyttast (for- og etternamn, fødselsnummer, kontonummer m.v.). Grunnopplysningane for deg som søker vil bli nytta i samband med sakshandsaminga.

Enkelttiltak: Søkjar med føretak

Grunnopplysningar for føretaket skal nyttast (føretakets namn, organisasjonsnummer, føretakets kontonummer m.v.). Grunnopplysningane for føretaket vil bli nytta i samband med sakshandsaminga.

Fellestiltak med fleire deltakarar: Til dømes ein organisasjon, ei foreining, eit lag e.l.

Grunnopplysningar for organisasjonen, foreininga, laget eller liknande skal nyttast (namn, organisasjonsnummer og kontonummer m.v.). For fellestiltak skal berre ein av deltakarane stå som søker og underteikne søknaden på vegner av alle, med skriftleg samtykke frå alle dei andre deltakarane (sjå felt: 6- Vedlegg til søknadsskjema). Dersom organisasjonsnummer, fødselsnummer eller kontonummer til ein av deltakarane nyttast, skal det føreligge skriftleg samtykke frå alle dei andre deltakarane (sjå felt 6: Vedlegg til søknadsskjema).

Kommune-, gards-, bruks- og festenummer:

Skal vise til geografisk plassering av tiltaket/prosjektet.

Meirverdiavgift (mva):

Set kryss for om du er registrert for meirverdiavgift. Føretak/verksemder som er registrert i meirverdiavgiftsregistra kan få tilbake mva. på varer og tenester som kjøpast inn til føretaket - og dette har tyding for tilskotsberekninga. Dersom du kryssar «nei», så vil bruttobeløpet bli lagt til grunn for tilskotsberekninga. Dersom du kryssar «ja», vil nettobeløpet bli lagt til grunn for tilskotsberekninga (sjå felt 4: Kostnadsoverslag og søknadsbeløp). Ta kan kontakt med Skatteetaten dersom du har spørsmål om meirverdiavgift knytt til ditt føretak.

Felt 2: Type tiltak

Sett eit eller fleire kryss for kva type tiltak/prosjekt det vert søkt om tilskot til.

Felt 3: Beskriving og gjennomføringsplan

Namn på tiltaket/prosjektet – som beskriv det i kortform:

Gje tiltaket/prosjektet eit kort og relevant namn. Til dømes «Gjerding i Brattlia» eller «Restaurering av mur på gamlefjosen». Dette lettar registrering av søknaden.

Ansvarleg for gjennomføringa:

Dette kan vere ein enkeltperson, ein organisasjon, ei foreining ,eit lag eller liknande. Dersom ein organisasjon eller liknande står som ansvarleg, skal det i tillegg stå namn på kontaktperson.

Eventuelle andre deltakarar/involverte:

Dette kan vere enkeltpersonar eller organisasjonar/foreiningar/lag og liknande.

Kva som skal gjerast (utfyllande beskriving):

Her skal du gje ei utfyllande beskriving av kva som skal gjerast. Stikkord: bakgrunn, tilstand på område/objekt, omfang av arbeid, og status/bruk. Graden av detaljar er avhengig av type tiltak/prosjekt og dets omfang. Bruk vedlegg dersom du treng meir plass.

Korleis det skal gjerast (utfyllande beskriving):

Her skal ein gje ei utfyllande beskriving av korleis tiltaket/prosjektet skal gjennomførast. Stikkord: metode, teknikk og materialbruk og framdrift. Graden av detaljar er avhengig av type tiltak/prosjekt og dets omfang. Bruk vedlegg dersom du treng meir plass.

Grunngje korleis tiltaket er med på å sikre verdiar anten knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne eller kulturmiljø i området jf. forskriftas § 1.

Dette gjeld sjølve tiltaket/prosjektet, men også dets påverknad på omkringliggjande området. Stikkord: historisk-, nåverande- og framtidig bruk eller status.

Når tiltaket/prosjektet skal gjennomførast, og når det er planlagd ferdig:

Her skal det stå månad og år for planlagd oppstart, og månad og år for planlagd slutføring av tiltaket/prosjektet.

Felt 4: Kostnadsoverslag og søknadsbeløp

Kostnadsoverslaget skal innehalde alle kostnadar knytt til tiltaket/prosjektet, t.d. kostnadar med utarbeiding av nødvendige planar, materialkostnadar og arbeidskostnadar for eige og leigd arbeid. Legg inn så mange kostnadsliner det er behov for, og ver så spesifikk som mogleg. Det kan ikkje forventast å få tilskot til kostnadar som ikkje er synleggjort gjennom søknaden.

Alle kostnadar skal verte angjeve med og utan meirverdiavgift (mva.). Det skal ikkje førast mva. på eige arbeid.

Rettleiande satsar for eige arbeid er:

- Manuelt arbeid 200,-/time
- Person med motorsag e.l. 300,-/time
- Traktor med fører 500,-/time

Kostnadsoverslag eller tilbud frå handverkarar, rådgjevarar e.l. skal følgje med som vedlegg (sjå felt 6: Vedlegg til søknaden).

Felt 5: Anna finansiering

Oppgje om du har søkt på og/eller fått løyvt midlar til same tiltak/prosjekt frå andre offentlege tilskotsordningar (t.d. Kulturminnefondet, SMIL e.l.) Oppgje namn på tilskotsordning, søknadsbeløp/tilskotsbeløp og eventuelle vilkår for løyvinga.

Felt 6: Vedlegg til søknaden

Gode og relevante vedlegg lettar registreringa og handsaminga av søknader.

Obligatorisk vedlegg:

- Oversiktskart som viser liggjestad i kommunen: Området eller objekt– som det vert søkt om tilskot til - skal vere klart avmerkt/innteikna i kartet. Kartet skal vere av god kvalitet og i ein passende målestokk. Kart kan t.d. hentast frå gårdskart.no, naturbase.no eller gislink.no.
- Detaljkart som viser areal, viktige element i landskapet og plassering av det aktuelle tiltaket: Området eller objekt - som det vert søkt om tilskot til - skal vere er klart avmerkt/innteikna i kartet. Kartet skal vere av god kvalitet og i ein passende målestokk. Kart kan t.d. hentast frå gårdskart.no, naturbase.no eller gislink.no.
- Foto/teikningar: Gjeld søknad om tilskot til restaurering og skjøtsel av areal, og søknad om utbetring av bygningar og andre kulturminne. Foto/teikningar skal vere av god kvalitet og t.d. vise område, bygningsmiljø, heile bygningar, delar av bygningar eller andre objekt som det vert søkt om tilskot til.
- Skriftleg avtale med grunneigar(ar), dersom søkjar ikkje er grunneigar: Avtalen skal vise til tiltaket/prosjektet, og vere underskriven av både søkjar og grunneigar(ar).
- For fellestiltak: Skriftleg samtykke frå alle dei andre deltakarane om innhaldet i søknaden, og ved bruk av anten organisasjonsnummer, fødselsnummer eller kontonummer til ein av deltakarane.

Andre relevante vedlegg kan vere:

- For restaurering og skjøtsel av areal: Kart som viser området (innteikna)
- For bygningar og andre kulturminne: Kostnadsoverslag eller tilbod frå bygningskunnige, handverkarar, rådgivarar e.l.
- For bygningar og andre kulturminne: Beskriving av bygning, bygningsskade, nåverande og framtidig bruk og omtale av verneverdi.
- For bygningar og andre kulturminne: Foto sett frå fleire retningar, detaljbilete av tilstand/skadar og historiske bilete.
- Diverse dokumentasjon av: Vernestatus etter naturmangfaldlova, fredingsstatus etter kulturminnelova, kartlegging av biologisk mangfald

Felt 7: Eigenerklæring

Les nøye igjennom eigenerklæringa!

Søkjaren har det formelle ansvaret for søknaden og ei eventuell løyving.

Enkelttiltak: Søknaden skal vere underskriven av søkjar/ den ansvarlege for tiltaket eller prosjektet.

Fellestiltak med fleire deltakarar: Søknaden skal vere underskriven av ein av deltakarane (kontaktperson) - på vegne av alle dei andre deltakarane. Hugs skriftleg samtykke frå alle dei andre deltakarane (sjå felt 6 – vedlegg til søknaden).

DEL 2: Rettleiing til søknad om arealtilskot og beitedyrtilskot 2018

Felt 1: Grunnopplysningar

Fyll inn namn, adresse og andre personopplysningar. Grunnopplysningane er nødvendige i samband med registrering og handsaming av søknader.

Felt 2: Eg søker om

Kryss av for om du søker arealtilskot eller beitedyrtilskot. Kryss av for begge dersom du søker både arealtilskot og beitedyrtilskot.

DEL A: Om arealtilskot

Obligatoriske vedlegg til søknad om arealtilskot:


- Alt areal det blir søkt om tilskot til, skal teiknast inn på kart som skal leggest ved søknaden. Areal som ikkje er teikna inn på kart, gjev ikkje rett på tilskot.
- Kart kan t.d. hentast frå gårdskart.no, naturbase.no eller gislink.no.
- Arealet/areala skal vere klart avmerkt/innteikna i kartet. Kartet skal vere av god kvalitet, og i ein passende målestokk.
- Arealet/areala kan teiknast inn ved bruk av teikneverktøy i gårdskart.no, naturbase.no eller gislink.no. Eventuelt kan ein printe ut karta og teikne inn arealet/areala for hand.

Eksempel 1: Landbrukseigedom. Kart henta frå gårdskart.no. Her er all fulldyrka jord hausta ved slått, og all overflatedyrka jord hausta ved styrt beite. I tillegg er alt av innmarksbeite beita. Ingen av areala på eigendommen er kun beitepussa. Arealtal frå gårdskart.no og søknadsskjema samsvarar. Her treng ikkje areala å vere ytterlegare avmerkt/innteikna i kartet.

I søknadsskjema:

Nr.	Kommunenr.	Gardsnr.	Bruksnr.	Dyrka jord: hausta ved slått	Dyrka jord: hausta ved styrt beite	Innmarksbeite	Kun beitepussing av dyrka jord eller innmarksbeite	Sum areal på eigendommen (daa)
	5000	50	2	98,0	21,4	15,4	0	134,8

Kartvedlegg:




Eksempel 2: Landbrukseigedom. Kart henta frå gardkart.no. Her er noko av den fulldyrka jorda hausta ved slått og noko ved styrt beiting. I tillegg er noko av innmarksbeite kun beitepussa. Her må ein spesifisere – dvs. teikne inn/merke av - kor det er slått, beita og beitepussa.

I søknadsskjema:

Nr.	Kommunenr.	Gardsnr.	Bruksnr.	Dyrka jord: hausta ved slått	Dyrka jord: hausta ved styrt beite	Innmarksbeite	Kun beitepussing av dyrka jord eller innmarksbeite	Sum areal på eigendommen (daa)
5000	50	50	2	78,9	40,5	7,3	8,1	134,8

Kartvedlegg




AREALTALL (DEKAR)	
98.0	
21.4	
15.4	134.8
168.0	168.0
5.7	
6.0	11.7
0.0	0.0
314.5	314.5

Eksempel 3: Utvald- eller truga naturtype som er registrert i naturbase (t.d. slåttemark). Kart henta frå naturbase.no.

I søknadsskjema:

Nr.	Kommunenr.	Gardsnr.	Bruksnr.	Dyrka jord: hausta ved slått	Dyrka jord: hausta ved styrt beite	Innmarksbeite	Kun beitepussing av dyrka jord eller innmarksbeite	Sum areal på eigendommen (daa)
6000	60	60	2	3,5				3,5

Kartvedlegg:



Kart henta frå naturbase.no

Skriv inn følgande opplysningar i kartet:

- Namnet på naturtypen
- ID (BN000XXX)
- Tal dekar


Desse opplysningane finn du i naturbase.no eller skjøtelsesplanen for naturtypen.

Eksempel 4: Andre areal som ikkje er registrert som fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite eller utvald/truga naturtype. Her må ein spesifisere – dvs. teikne inn/merke av - kor det er slått, beita eller beitepusa.

I søknasskjema:

Nr.	Kommunenr.	Gardsnr.	Bruksnr.	Dyrka jord: hausta ved slått	Dyrka jord: hausta ved styrt beite	Innmarksbeite	Kun beitepusing av dyrka jord eller innmarksbeite	Sum areal på eigendommen (daa)
	7000	70	2	1,86				1,86

Kartvedlegg:



Kart henta frå gardskart.no
 Innteikna figur i kartet (rød) = 1875 m²
 ≈ 1,86 daa
 Ein kan bruke måle- og teikneverktøy i gardskart.no, naturbase.no eller gislink.no. Eventuelt kan ein printe ut kartet og teikne for hand.

DEL A: Eigendomar og areal det søkjast om tilskot til

Før opp alt jordbruksareal innanfor verdsarvområdet som du har slått eller hatt beitedyr på dette året.

Detaljert informasjon om kva for areal som er slått og beita er nødvendig for forvaltning si utrekning av tilskot. Dette skyldast at tilskotet er gradert etter mellom anna etter markslag (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) og skjøtselsmetode (om arealet er slått, beita eller kun beitepusa).

Dersom det same arealet t.d. både er slått og beita, så skriv du på berre ein av kategoriane. Dersom du skriv på at arealet både er slått og beita, så vil ikkje samla sum på eigendommen bli korrekt. Eksempla 1-3 nedanfor illustrerer dette. Eksempla tar utgangspunkt i ein eignedom på totalt 30 dekar (20 dekar dyrka jord og 10 dekar innmarksbeite).

Eksempel 1: Søklar har både slått og beita all dyrkajorda (20 daa), og fylt ut begge kategoriane (både slått og beita). I tillegg har søklar både beitepusa og hatt beitedyr på innmarksbeite (10 daa)- og fylt ut begge kategoriane. Samla sum på eigendommen blir dobbelt så stor som den eigentleg er = feil utfylling.

Del A: Eigendomar og areal i verdsarvområdet

Før opp alt jordbruksareal innanfor verdsarvområde, som du har slått eller hatt beitedyr på dette året. Dersom det same arealet t.d. både er slått og beita, så fyller du berre ut for kategorien slått, elles vil ikkje samla sum på eigendommen bli korrekt. For rettleiing, sjå dokumentet «Rettleiing for utfylling av søknadsskjema for Geirangerfjorden». For arealtilskotssatsar, sjå dokumentet «Retningsliner for Geirangerfjorden». Bruk vedlegg med same oppsett dersom du treng meir plass.

Nr.	Kommunenr.	Gardsnr.	Bruksnr.	Dyrka jord: hausta ved slått	Dyrka jord: hausta ved styrt beiting	Innmarksbeite: hausta ved beiting	Areal som <u>kun</u> er beitepusa	Total sum areal på eigendommen (daa)
	8000	80	2	20	20	10	10	60
1	Namn på eigar av eigendommen :			Kari Nordmann				

Eksempel 2: Søkjar har både slått og beita all dyrkajorda (20 daa), men kun fylt ut for kategorien slått. I tillegg har søkjar hatt beitedyr på heile innmarksbeite (10 daa). Samla sum på eigendommen blir 30 daa = riktig utfylling.

Del A: Eigedommar og areal i verdsarvområdet

Før opp alt jordbruksareal innanfor verdsarvområde, som du har slått eller hatt beitedyr på dette året. Dersom det same arealet t.d. både er slått og beita, så fyller du berre ut for kategorien slått, elles vil ikkje samla sum på eigendommen bli korrekt. For rettleiing, sjå dokumentet «Rettleiing for utfylling av søknadsskjema for Geirangerfjorden». For arealtilskottsatsar, sjå dokumentet «Retningslinjer for Geirangerfjorden». Bruk vedlegg med same oppsett dersom du treng meir plass.

Nr.	Kommunenr.	Gardsnr.	Bruksnr.	Dyrka jord: hausta ved slått	Dyrka jord: hausta ved styrt beiting	Innmarks- beite: hausta ved beiting	Areal som kun er beitepusa	Total sum areal på eigendommen (daa)
1	8000	80	2	20	0	10	0	30
Namn på eigar av eigendommen :			Kari Nordmann					

Eksempel 3: Søkjar har slått ein del av dyrkajorda (10 daa) og hatt beitedyr på den andre delen (10 daa). I tillegg har søkjar hatt beitedyr på ein del av innmarksbeite (5 daa), og kun beitepusa den andre delen (5 daa). Samla sum på eigendommen blir 30 daa = riktig utfylling

Del A: Eigedommar og areal i verdsarvområdet

Før opp alt jordbruksareal innanfor verdsarvområde, som du har slått eller hatt beitedyr på dette året. Dersom det same arealet t.d. både er slått og beita, så fyller du berre ut for kategorien slått, elles vil ikkje samla sum på eigendommen bli korrekt. For rettleiing, sjå dokumentet «Rettleiing for utfylling av søknadsskjema for Geirangerfjorden». For arealtilskottsatsar, sjå dokumentet «Retningslinjer for Geirangerfjorden». Bruk vedlegg med same oppsett dersom du treng meir plass.

Nr.	Kommunenr.	Gardsnr.	Bruksnr.	Dyrka jord: hausta ved slått	Dyrka jord: hausta ved styrt beiting	Innmarks- beite: hausta ved beiting	Areal som kun er beitepusa	Total sum areal på eigendommen (daa)
1	8000	80	2	10	10	5	5	30
Namn på eigar av eigendommen :			Kari Nordmann					

Hugs å skriv på namn på eigar av eigendommene/eigendommen.

DEL A: Sum total alt areal

Før på summen av alle arealkategoriene:

Eksempel : Riktig utfylling (her er det nytta same tal som i eksempel 3 ovanfor)

Del A: Sum total alt areal

Sum areal dyrka jord, hausta ved slått	10
Sum areal dyrka jord, hausta ved styrt beiting	10
Sum areal innmarksbeite, hausta ved beiting	5
Sum areal, <u>kun</u> beitepusa	5
Sum areal totalt	30

DEL B: Om beitedyrtilskotet

Obligatoriske vedlegg til søknad om beitetilskot:

- Kart som viser beiteområdet/beiteområda skal leggest ved søknaden
- Kartutsnittet skal vise til kvar dyra beiter- og området/områda skal helst vere innteikna/avmerkt
- Kart kan t.d. hentast frå gårdskart.no, naturbase.no eller gislink.no.
- Arealet/areala kan teiknast inn for hand, eller ein kan bruke teikneverktøy i gårdskart.no, naturbase.no eller gislink.no

Eksempel: Kart som viser beiteområde. Kart henta frå gislink.no. Innteikning/avmerking ved bruk av teikneverktøy i gislink.no



Del B: Beitedyr på utmarksbeite i verdsarvområdet

Før opp tal beitedyr på utmarksbeite innanfor verdsarvområdet.
Bruk same gruppering av dyr og same dyretal som i søknad om produksjonstilskot.

Eksempel:

Del B: Beitedyr på utmarksbeite i verdsarvområdet

Før opp tal beitedyr på utmarksbeite innanfor verdsarvområdet. Bruk same gruppering av dyr og same dyretal som i søknad om produksjonstilskot. For rettleiing, sjå dokumentet «Rettleiing for utfylling av søknadsskjema for Geirangerfjorden». For beitedyrtilskotssatsar, sjå dokumentet «Retningslinjer for Geirangerfjorden».

Storfe	20
Sau og Lam	130
Geit og Kje	
Hest	

Felt 3: Eigenerklæring

Les nøye igjennom eigenerklæringa!

Søkjaren har det formelle ansvaret for søknaden og ei eventuell løyving.